



# Årsmelding

- for kyrkjelydane i Finnøy

# 2025

Foto: Tor Øyvind Skeiseid

## Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Finnøy



*Meir himmel på jorda*

# **Årsmelding 2025**

## **Kyrkja i Finnøy**

Hesby sokn  
Sjernarøy sokn  
Talgje sokn

### **Innhaldsliste:**

Generelt for Kyrkja i Finnøy.....s.	3
Hesby sokn.....s.	7
Sjernarøy sokn.....s.	12
Talgje sokn.....s.	17
Statistikk.....s.	23
Ymse felles.....s.	26

# *Meir himmel på jorda*

## **Kyrkja i Finnøy**

**Visjon Den Norske Kyrkja:** *Meir himmel på jorda*

Kyrkjelydane i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn, er ein del av Stavanger kirkelige fellesråd, Tungenes Prosti, Stavanger Bispedømme og deler Den Norske Kyrkja sin visjon:

*”Me er sendt av den treeinige Gud for å dele evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling” ”I Kristus, nær livet” – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Vedkjennande ved å dele og gi vidare trua på den treeinige Gud. Misjonerande ved å vitne om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja. Tenande ved å vise omsorg gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern av skaparverket. Open ved å utvikle fellesskap som verdset mangfald og respekterer ulikskapar.*

I tillegg har kvart av sokna i Finnøy eigen visjon:

**Hesby – *Meir himmel på jorda***


**Sjernarøy - *Velkommen til kyrkja***

**Talgje - *Meir himmel på jorda – ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og inviterer til tru og teneste.***

# Meir himmel på jorda

## Kyrkja i Finnøy

I Finnøy har me tre sokn og totalt seks gudstenestestader (kyrkjelydar). Hesby sokn er Finnøy, Sjernarøy sokn er Ombo og Sjernarøyane og Talgje sokn er Bokn, Byre, Fogn, Halsnøy, Måløy og Talgje.



Finnøy kommunedel hadde ved årsskiftet 3462 innbyggjarar, dette er ein auke frå 2024. Størst er auken i Talgje sokn med 2,0 %, Sjernarøy sokn med 1,4 % og Hesby sokn med 0,7 %. Det er Fogn som har størst folketalsauke med 3,4 %

Medlemstala i Den norske kyrkja er 2413 personar, 502 av desse er under 18 år, og høyrer inn under trusopplæringa vår. Begge tala er litt synkande.

# Meir himmel på jorda

## Kyrkja i Finnøy sine tilsette 2025

**Terje Engstrøm** – Sokneprest Hesby sokn 100%

**Ola Aasland Vold** – Sokneprest i Sjernarøy og Talgje sokn 100%

**Heidi Bø Sangedal** – Dagleg leiar 75% og 25% gravplassforvaltning

**Ingvild Angelskår Moen** – Diakonimedarbeidar i 100%

**Brenda Talgø Kolstadløkken** – Utadretta medarbeidar 40 % hjå oss og 60 % på servicetorget på kyrkjevevrekontoret.

**Reidun Aabrekk Bråtveit** – Kyrkjelydspedagog 50%

**Bjørn Terje Bertelsen** – Kantor i Hesby kyrkjelyd 40% og Fogn kyrkjelyd 10%

**Silje Aandstad** – Kantor 10% Talgje kyrkjelyd til 31.12.25

**Tor Bjarne Flesjå** – Klokkar 23% (til 1.okt.) frå og med 1. okt. kyrkjetenar i 23 % Hesby kyrkjelyd

**Jostein Gard** – kyrkjetenar timebasert Talgje

**Sissel Sørestad Halsne** – kyrkjetenar i 7 % Halsnøy

**Irene Eide** – Reinhaldar på timar i Jørstad kyrkjelyd og sesong gravplass til 1. okt.

**Anne Skogen** – Kyrkjetenar 10,06% Sjernarøy kyrkjelyd

**Kari Hidle** – Klokkar 10% Sjernarøy kyrkjelyd

**Morten Nedrebø** – Reinhaldar 7% Sjernarøy kyrkjelyd

**Eilef Gard** – Klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd til 1.sept.

**Ann-Merethe Meling** - Klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd t.o.m.31.12.25

**Dag Olav Sæbøvåg** – Kyrkjetenar 9,03% Fogn kyrkjelyd


**Vivian Bøe Djonne**- Reinhaldar 6% Fogn kyrkjelyd

**Anna Fink** – reinhaldar Hesby og Talgje 11 %

Sesongarbeid gravplassar:

Hesby: Kommunal tenesteyting, Sjernarøy: Sjernarøy bygdeservice, Halsnøy gravplass: Leif Inge Eike, Talgje: Bjørn Flikke og Kjetil Håvarstein, Jørstad gravplass: Irene Eide og Fogn: Oskar Runestad

Vakant stilling i Jørstad kyrkjelyd som kyrkjetenar, Erlend Nes er fast vikar i denne stillinga. Vakant organiststilling 30 % i Halsnøy, Jørstad og Sjernarøy kyrkjelydar, Geir Eskeland er vikar.



# Meir himmel på jorda

## Sokna sitt arbeid 2025

Sokneråda er aktive og engasjerte. Ved utgongen av året er det litt utskifting av stab og me har utlyst stilling som kantor og kyrkjetenar på Talgje blant anna. Klokkarstillingane går ved ledighet ut.

Oppsluttinga til gudstenester og andre arrangement er nokså stabile. Det har vore ein aktiv haust med mange arrangement spesielt knyta til gjenopninga av Hesby kyrkje. Arbeid blant barn og unge har halde fram og har nokså godt oppmøte. Det diakonale arbeidet finn stadig nye område og samarbeidspartnarar. Me har alle fått vore med i feiringa av 900 årsjubileet til Stavanger by, domkyrkja og bispedømet. Det har også vore markeringar knyta til 200 årsjubileet for utvandringa til Amerika, samt markering for at det er 80 år sidan fredsåret 1945. Til desse markeringane har me motteke støtte frå Stavanger kommune gjennom nabolagspotten.

Det store restaureringsarbeidet på Hesby kyrkje vart ferdigstilt til gjenopninga om lag 1. okt.

Talgje kyrkje blir også restaurert, heile sørsida både innvendig og utvendig er blitt renoverert og arbeidet held fram i 2026. Me er svært takksame til Stavanger krk fellesråd og Stavanger kommune.

Fellesrådet har også kosta eit nytt toalett til Jørstad kyrkje og ny løysing i sakristiet på Hesby kyrkje, blant anna med ein kjøkkendel. Fogn kyrkje har fått nytt lydanlegg og til Talgje kyrkje er det starta arbeid med fornying av lydanlegget. Alle kyrkjene har fått nytt låssystem.

Dei tre sokna hadde eit felles soknerådsmøte i lag med staben.

Det har vore totalt 34 dåp i sokna våre, dette er ein auke på 7 stk frå i fjor. 23 av desse er i Hesby sokn. Me har hatt 5 vigslar (i Hesby og Sjernarøy). Det var totalt 24 gravferder med seremoni i våre kyrkjer, ingen på Talgje.

Våre sokn støttar U-kirken i Nygata økonomisk og støttar opp om arbeidet deira. Sjå heimesida [ukirke.no](http://ukirke.no)





*Meir himmel på jorda*

# Hesby sokn



*Meir himmel på jorda*



# Meir himmel på jorda

## Hesby sokn

Hesby kyrkjelyd sin visjon er «Meir himmel på jorda».

Hesby kyrkjelyd har eit godt og breitt samarbeid med kristne lag og organisasjonar på Finnøy.

Soknerådet har hatt fem møte. I tillegg har medlemmene hatt ymse komitemøte. Leiar er Tor Øyvind Skeiseid, Brit Leikvoll Børresen Idsøe er nestleiar. Heidi Kristin Urtegård er soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd. Odd Bleie er vararepresentant til fellesrådet.

Hesby sokn har hatt eit misjonsprosjekt som er knytt til blant andre Kjellfrid Eggebø frå Finnøy sitt arbeid for ILCT (Iraqw Language and Culture Trust) i Tanzania og Iraqw-folket og omsetting av Bibelen til deira eige språk. Soknerådet har dette året bestemt å avslutte dette prosjektet og får frå og med 2026 nytt misjonsprosjekt gjennom Normisjon, Liv og helse i Nepal.

Me er glade for det store restaureringsarbeidet på kyrkja. Det var fint å vere på Bethel den tida me trong det, men veldig fint å vere tilbake i kyrkja. Me hadde mange flotte arrangement frå 1. okt, og fram til jul. Me har fått ei oppgradering både inne og ute, men ser fortsatt at me kan gjere meir f.eks med gangvegar på kyrkjegarden. Det er dessutan behov for fleire parkeringsplassar.

Det er gudstenester i soknet annankvar sundag med eit godt oppmøte. Soknet har hatt ansvaret for bønnesamlingar i kyrkja første onsdagen i månaden. Det har også vore tre tilrettelagte kveldsgudstenester i lag med Fåtunet. På Finnøy har det vore eit Alphakurs som mange har delteke på.





# Meir himmel på jorda

Sokneprest Terje Engstrøm har gjennom året halde 14 bibeltimar som har vore godt besøkte. Tema har vore Apostelgjerningane. I oktober hadde me kyrkjefest og kyrkjeløp og to andre tilstellingar om «Kyrkja mi» og ei samling for ungdom. Ryfylke Livsgnist sette opp ei storstilt førestilling «Tusen heftige år» – det var fem utselde førstillingar i tillegg til at alle skuleelevane i Finnøy fekk sjå spelet tilpassa deira alder. Det har og vore musikk gjennom tusen år og ein julekonsert i kyrkja. I desember var Me syng jula inn arrangementet tilbake i kyrkja – eit svært vellukka arrangement med to samlingar i regi av ein lokal komite. Tusen takk til komiteen for godt program og flott lokal musikk. Ryfylke Livsgnist har hatt to guida bussturar via kyrkja mellom okt. – des.

Babysong for alle sokna held til på biblioteket. Open Hall for ungdom som er i fleirbrukshallen, er eit samarbeid mellom sokneråda. Her er det ei eiga ressursgruppe av frivillige vaksne, som tek ansvar for kveldane. Foreldre på ungdomsskuletrinnet er med som ansvarlege. Open Hall fungerer svært godt, og har godt besøk.

Kyrkja har eit nært og godt samarbeid med sundagsskulen og Finnøy og Talgje KM speidarar knytt opp til familiegudstenester. Påskevandringa på Nordre Vignes som sundagsskulen arrangerer er eit veldig godt tiltak som samlar mange både lokale og tilreisande. I fjor om lag 1700.

Besøkstenesta i soknet har halde fram og alle DNK-medlemmer som har runde og halvrunde tal frå og med 80 år og oppover, får tilbod om besøk.

Hesby sokn hadde via det diakonale arbeidet ein cafédag på Innbyggartorget.

# Meir himmel på jorda

Kyrkjelydspedagog har hatt samling for dei yngste i samband med utdeling av 4- og 5-års bok, samt ei samling for dei som er 2 år i forkant av hausttakkefesten. I tillegg har enkelte trinn vore inviterte til kyrkjekontoret for ABC treff. I høve utdeling av nytestamentet, vart femteklassingane inviterte til ei samling på kontoret, der dei fekk lære meir om Bibelen.

Tredjeklassingane på Finnøy skule var dei første som fekk opne kyrkja etter restaureringa- dei hadde ei tårnagentsamling i kyrkja 1. okt.



Me hadde to skulegudstenester knytt til julehøgtida, i tillegg til jule- og påskevandring med Preg og Hagatoppen barnehage. Prestane, kyrkjelydspedagog og diakonimedarbeidar har vore på skulebesøk i samband med Bibeldagen og hausttakkefesten. Reidun held fram med Bibelsporet til 5. klassingane på Finnøy skule.

Sokneprest Terje Engstrøm legg jamt ut preiker knytt til preiketekstane på Hesby Media og me har og Hesby kyrkje si Facebookside.







*Meir himmel på jorda*

# Sjernarøy sokn



*Velkommen til kyrkja*



# Meir himmel på jorda

## Sjernarøy sokn

Sjernarøy sokn består av Sjernarøyane og Ombo. Visjonen er "Velkommen til kyrkja" Det finst to kyrkjer: Sjernarøy kyrkje på Kyrkjøy, og Jørstad kyrkje på Ombo.

Soknerådet har hatt fem møte. Leiar er Kari Hidle og nestleiar Ragnhild Frøyland. Soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd er Håkon Eide med Sissel Haavik Vadla som vararepresentant.

Både Jørstad og Sjernarøy kyrkjelyd har fått «Vandring til Golgata» som er eit restaurert replika av eit maleri som vart funne i Sjernarøy kyrkje. Det originale bilete skal vere frå 1695

Soknet har eit misjonsprosjekt som er knytt opp mot NMS sitt arbeid på Madagaskar. Soknet er også medlem i Kirkens SOS,Rogaland, sjå eiga årsmelding.

## Jørstad kyrkjelyd

Jørstad er ein trufast kyrkjelyd med 11 gudstenester i året, med eit snitt på 28 personar. Det er gledeleg at folk sluttar opp om gudstenester og Barneglede. Fellesrådet har i år installert eit nytt toalett ved kyrkja. Barneglede er ei samling for dei yngste barna i lag med føresette. Dei møtest i kyrkja ca. annakvar veke og oppmøtet varierer mellom 10 – 20 born. Det er også anna kristent arbeid gjennom barnelaget Awana.



# Meir himmel på jorda

Me har arrangert formiddagstreff tre gonger på Ombo grendahus i lag med Helselaget. Dette er eit veldig kjekt tiltak og det kjem mellom 10 og 17 personar. Brenda har vore med der. Jørstad kyrkje har eiga Facebookside der gudstenester og evt. andre arrangement blir delte. Lokale krefter arrangerte Me syng jula inn med godt oppmøte, over 80 frammøtte. Det var og ein gitarkonsert med kulturskulen i desember. Me hadde skulegudsteneste til jul, og kyrkjelydspedagog har hatt samlingar for barn i samband med hausttakkefesten. Reidun og Ingvild besøker også Barneglede ved høve. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldag og hausttakkefest. Soknerådet ved Håkon Eide hadde eit samarbeid med Ombo oppvekstsenter i høve markeringa av 900 årsjubileet i 2025. Storskulen på Ombo og Sjernarøy segla ein fredag med skuta Karoline av Sandnes til sentrum i Stavanger og besøk i domkyrkja. Representant frå kyrkja fekk bilete «Vandring til Golgata». Det blei arrangert ei tilstelling under kyrkjekaffien på Skjærtorsdag med tanke på minnesmarkering 80 år sidan fredsåret 1945. I juni var det ein kulturkveld med utvandrarfokus og konsert med Torolf Nordbø og Håkon Eide, grendahuset var omtrent fullt og om lag 90 personar var til stades.

## Sjernarøy kyrkjelyd

Det var 13 gudstenester. Nokre gudstenester med svært godt oppmøte, andre gonger langt færre. I gjennomsnitt 46 personar per gudsteneste. Det er fint å registrere at dei som har hytter også kjem til gudsteneste. Rust & Moll hadde ein konsert i vår, Mari Hauge har hatt ein sommarkonsert og ein julekonsert i kyrkja. Det er arrangert fire føremiddagstreff på Helgøysund Bedehus med 10 - 12 deltakarar. Me gler oss over at det er eit barnelag i Sjernarøyane som har svært god oppslutnad med deltakarar frå 0-15 år, dei yngste i lag med vaksne. Kyrkjelydspedagog har hatt samling med dei yngste i samband med hausttakkefesten. Roturen blei i år gjennomført 14. og 15. juni. Ungdommane som var med rodde frå Sør-Talgje via Finnøy til Eik, der me avslutta med ei gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Dette tiltaket er avhengig av Færingssongarane. Me har besøksteneste til jubilantar som fyller 80, 85 og oppover. Det er Ingvild som administrerer besøka og får med seg lokale frivillige til besøk.



# Meir himmel på jorda



Me har hatt felles barnehage – og skulegudsteneste før jul. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldag og hausttakkefest.



Organisasjonen Sarepta har lånt kyrkja til ei møtehelg i vår.

Det vart arrangert ein vårdugnad.

Soknerådet arrangerte ein kulturkveld med utvandrarfokus i august.









*Meir himmel på jorda*

# Talgje sokn



*Meir himmel på jorda*

*-ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og  
inviterer til tru og teneste*

# Meir himmel på jorda

## Talgje Sokn

Består av **Talgje kyrkjelyd** på øya Talgje, **Fogn kyrkjelyd** på øya Fogn med Bokn, Byre og Måløy, og **Halsnøy kyrkjelyd** på øya Halsnøy. Visjonen er *Meir himmel på jord – ei kyrkje som bryr seg, inspirerar og inviterar til tru og teneste*. Utanom kyrkja sitt arbeid for vaksne og med kyrkjeleg undervisning blir det drive mykje arbeid blant både vaksne, barn og unge på både Fogn, Halsnøy og Talgje i regi av bedehuset og frivillige. Kyrkja ønskjer godt samarbeid med lokale, frivillige og organisatoriske krefter.

Soknet har eit misjonsprosjekt i Misjonsalliansen (sjå side 33). Talgje sokn er medlem i Kirkens SOS – sjå eiga årsmelding.

Soknerådet har hatt fem møte. Eilef Johan Gard er leiar og Margunn Madsen Hovda nestleiar. Ottar Sandanger er soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd, Terje Kjølvik er vararepresentant.





# Meir himmel på jorda

## Fogn kyrkjelyd

Det har vore 16 gudstenester med eit gjennomsnitt på 69 personar kvar gong, inkludert gudstenester i Eidsvåg og ved dagsturhytta. I tillegg hadde me ein utegudsteneste på Byre. I år kom det 80 personar til denne gudstenesten som er rekna som ein god sommartradisjon, i år var biskop Anne Lise med. Fogn kyrkje har ein ansvarskomité, som blant anna har ansvaret for å fordele praktisk arbeid i kyrkja, inkl. kyrjekaffien. Målet er også å lage møteplassar, arrangere møte og konsertar. Det er barnekor og eit tilbod til dei yngste barna Hobby og tru. Det er kvar veke torsdagscafé for folk som er heime på dagtid. Det er kulturkveldar og møter jamt utover året. Sjå eigen årsrapport. Fogn kyrkje har også i år vore plassen for trusopplæringstiltaket Lys Vaken for 6. klasse.



# Meir himmel på jorda

## Halsnøy kyrkjelyd

Gudstenestene (12 i talet) har gjennom året vore stabilt besøkte med eit gjennomsnitt på 47 personar. Dette er veldig bra oppmøte, på julafta kom det heile 115 personar. Det er kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Halsnøy har vore og er framleis vertskap for "Pinse for alle", som rettar seg mot fjerde klassingar i heile Finnøy kommunedel. I tillegg hadde speidarane ei utegudsteneste då dei var på tur til øya. Lokale krefter har vore aktivt med. Kyrkjelydspedagog har i samarbeid med gute- og jentelaget hatt samling med dei yngste barna knytt til hausttakkefesten. Kyrkja har eit godt samarbeid med bedehuset og organisasjonane på Halsnøy, blant anna gjennom annonsering av gudstenester og andre samlingar på fb Halsnøy bedehus.

Det har vore kjekt med føremiddagstreff på Halsnøy bedehus. Me har hatt fire gonger og Ingvild har vore med i tillegg til lokale pådrivarar. Det har vore godt oppmøte, og tilbodet blir sett pris på.





# Meir himmel på jorda

## Talgje kyrkjelyd

Det har vore 14 gudstenester på Talgje, dette inkluderer speidargudsteneste. I gjennomsnitt kom det 64 personar på gudstenestene. Dette er ein auke frå fjoråret. Det har vore barn og andre med som medliturgar i gudstenestene. Det plar vere kyrkjekaffi etter gudstenestene.

Ein søndag i månaden har ein lokal komité ansvar for kveldsbøn i kyrkja. Kyrkja var stengd fram til mai og me brukte bedehuset til gudstenester. Det pågår fortsatt litt restaureringsarbeid ute. Øya har ei husgruppe tilknytt kyrkja. Finnøy og Talgje KM speidarar har hatt ei gudsteneste i kyrkja. Me gler oss stort over det arbeidet som blir drive.

Det var påske- og juletilstelling med barnehagen på Talgje. Kyrkjelydspedagog hadde samling med dei yngste barna knytt til hausttakkefesten.

Det er montert nytt låsesystem på alle kyrkjene våre, det betyr at no er også Talgje kyrkje stengt utanom avtale. I sommar hadde me open kyrkje enkelte dagar gjennom sommaren, det var ungdommar som hadde jobb som vertskap.









# Meir himmel på jorda

## Statistikk 2025

### Hesby sokn:

**Dåp: 23 i 2025** (15 i 2024, 24 i 2023, 20 i 2022, 16 i 2021, 14 i 2020, 13 i 2019, 21 i 2018, 18 i 2017, 26 i 2016, 21 i 2015)

**Konfirmerte: 16 i 2025** (29 i 2024, 18 i 2023, 19 i 2022, 10 i 2021, 15 i 2020, 19 i 2019, 25 i 2018, 24 i 2017, 26 i 2016, 28 i 2015)

**Vigslar: 3 i 2025** (4 i 2024, 3 i 2023, 6 i 2022, 5 i 2021, 3 i 2020, 6 i 2019, 2 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 2 i 2015)

**Gravferder: 15 i 2025** (13 i 2024, 5 i 2023, 19 i 2022, 12 i 2021, 8 i 2020, 15 i 2019, 13 i 2018, 13 i 2017, 13 i 2016, 9 i 2015)

**Totalt tal gudstenester(inkl.bønesamling): 46 i 2025** (47 i 2024, 52 i 2023, 40 i 2022, 38 i 2021, 48 i 2020, 52 i 2019, 45 i 2018, 47 i 2017, 49 i 2016, 54 i 2015)

**Snitt tal på gudstenestene: 119 i 2025** (84,2 i 2024, 80,5 i 2023, 85,7 i 2022, 55,9 i 2021, 43,5 i 2020, 71,8 i 2019, 92,2 i 2018, 98 i 2017, 88,7 i 2016, 91 i 2015)

**Sundagsgudstenester: 28 i 2025 med snitt 126** (26 i 2024 med snitt 113,5, 34 i 2023 med snitt 101, 28 i 2022 med snitt 100, 34 i 2021 med snitt 60,7, 27 i 2020 med snitt 61,6, 104,3 i 2019, 124,6 i 2018, 124,6 i snitt i 2017, 115 i snitt i 2016, 110 i snitt i 2015)

**Tal nattverdsgudstenester : 16 i 2025** (13 i 2024, 14 i 2023, 11 i 2022, 9 i 2021, 13 i 2020, 17 i 2019, 17 i 2018, 24 i 2017, 20 i 2016, 22 i 2015)

**Totalt tal på nattverdsgjestar: 1469 i 2025 92 i snitt** (1135 i 2024 87 i snitt, 1072 i 2023 76,5 i snitt, 950 i 2022 86 i snitt, 469 i 2021, 52 i snitt, 702 i 2020, 54 i snitt, 1234, 72,5 i snitt i 2019, 1258, 74 i snitt i 2018, 2164, 90,2 i snitt i 2017, 1570, 78,5 i snitt i 2016, 1721, 78 i snitt i 2015)

**Utmeldingar: 5 i 2025** (2 i 2024, 4 i 2023, 2 i 2022, 6 i 2021, 6 i 2020, 4 i 2019, 7 i 2018, 9 i 2017, 15 i 2016, 1 i 2015)

**Innmeldingar: 2 i 2025** (1 i 2024, 4 i 2023, 1 i 2022, 0 i 2021, 2 i 2020, 2 i 2019 (1 i 2018, 2 i 2017)

# Meir himmel på jorda

## Sjernerøy sokn:

**Dåp: 5 i 2025** (3 i 2024, 9 i 2023, 4 i 2022, 4 i 2021, 6 i 2020, 6 i 2019, 5 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 8 i 2015)

**Konfirmerte: 5 i 2025** (5 i 2024, 3 i 2023, 4 i 2022, 3 i 2021, 2 i 2020, 6 i 2019, 4 i 2018, 9 i 2017, 6 i 2016, 5 i 2015)

**Vigslar: 2 i 2025** (3 i 2024, 0 i 2023, 2 i 2022, 4 i 2021, 2 i 2020, 2 i 2019, 6 i 2018, 2 i 2017, 5 i 2016, 1 i 2015)

**Gravferder: 8 i 2025** (7 i 2024, 5 i 2023, 5 i 2022, 7 i 2021, 7 i 2020, 4 i 2019, 8 i 2018, 4 i 2017, 13 i 2016, 7 i 2015)

**Totalt tal gudstenester: 26 i 2025** (27 i 2024, 29 i 2023, 27 i 2022, 20 i 2021, 24 i 2020, 29 i 2019, 28 i 2018, 27 i 2017, 30 i 2016, 33 i 2015)

**Snitt tal på gudstenestene: 37 i 2025** (34,6 i 2024, 39,7 i 2023, 33,4 i 2022, 31 i 2021, 29,6 i 2020, 41,9 i 2019, 39,6 i 2018, 50,5 i 2017, 53,9 i 2016, 52,3 i 2015)

**Snitt tal på søndagsgudstenester i soknet: 38 i 2025** (31,1 i 2024, 40,5 i 2023, 33,8 i 2022, 31,5 i 2021, 30,35 i 2020, 41 i 2019, 38,6 i 2018, 49,8 i 2017, 54,2 i 2016, 46 i 2015)

**Tal nattverdsgudstenester : 12 i 2025** (10 i 2024, 12 i 2023, 13 i 2022, 6 i 2021, 6 i 2020, 14 i 2019, 12 i 2018(10 i 2024, , 10 i 2017, 8 i 2016, 6 i 2015)

**Totalt tal på nattverdsgjestar : 199 i 2025 , snitt 16,5** (176 i 2024, snitt 17,6, 177 i 2023, snitt 14,75, 228 i 2022, snitt 17,5, 92 i 2021, snitt 15, 83, snitt 13,8, 247, snitt 17,6 i 2019, 145, snitt 12,1 i 2018, 224, snitt 22,4 i 2017, 157, snitt 19,6 i 2016, 100 snitt 16,6 i 2015)

**Utmeldingar: 2 i 2025** (1 i 2024, 0 i 2023, 1 i 2022, 1 i 2021, 0 i 2020, 0 i 2019, 1 i 2018, 2 i 2017, 4 i 2016, 0 i 2015)

**Innmeldingar: 0 i 2025** (0 i 2024, 1 i 2023, 0 i 2022, 0 i 2021, 0 i 2020, 1 i 2019)



# Meir himmel på jorda

## Talgje sokn:

**Dåp: 6 i 2025** (9 i 2024, 6 i 2023, 9 i 2022, 7 i 2021, 5 i 2020, 4 i 2019, 6 i 2018, 8 i 2017, 12 i 2016, 12 i 2015)

**Konfirmerte: 9 i 2025** (12 i 2024, 8 i 2023, 16 i 2022, 11 i 2021, 8 i 2020, 8 i 2019, 7 i 2018, 10 i 2017, 9 i 2016, 7 i 2015)

**Vigslar: 0 i 2025** (2 i 2024, 0 i 2023, 6 i 2022, 4 i 2021, 0 i 2020, 0 i 2019, 2 i 2018, 1 i 2017, 2 i 2016, 3 i 2015)

**Gravferder: 3 i 2025** (6 i 2024, 2 i 2023, 4 i 2022, 4 i 2021, 7 i 2020, 3 i 2019, 4 i 2018, 5 i 2017, 5 i 2016, 3 i 2015)

**Totalt tal gudstenester(inkl.kveldsbøn): 64 i 2025** (61 i 2024, 52 i 2023, 55 i 2022, 42 i 2021, 52 i 2020, 66 i 2019, 62 i 2018, 61 i 2017, 59 i 2016, 65 i 2015)

**Snitt-tal på gudstenestene: 59 i 2025** (45,5 i 2024, 47 i 2023, 55,3 i 2022, 45,1 i 2021, 42,4 i 2020, 43,9 i 2019, 50 i 2018, 56,8 i 2017, 60,7 i 2016, 48 i 2015)

**Totalt tal søndag/helgedag GT: 42 i 2025 med snitt på 60** (56 i 2024 med snitt på 45,5, 49 i 2023 med snitt på 47,9, 44 i 2022 med snitt på 62,75, 40 i 2021 med snitt på 46,3, 37 i 2020, 43 med snitt på 51,2 i 2019, 43 med snitt på 58 i 2018, 43 med snitt på 67,2 i 2017, 41 med snitt på 71,5 i 2016, 41stk med snitt på 55 i 2015)


**Tal nattverdsgudstenester: 21 i 2025** (22 i 2024, 24 i 2023, 18 i 2022, 8 i 2021, 14 i 2020, 27 i 2019, 30 i 2018, 30 i 2017, 19 i 2016, 25 i 2015)

**Totalt tal på nattverdsgjestar: 855 med snitt på 40,7 i 2025** (798 med snitt 36,2 i 2024, 897 med snitt 37,4 i 2023, 654 med snitt 36,3 i 2022, 247, snitt 30,8 i 2021, 457, snitt 32,6 962, snitt 35,6 i 2019, 1005, snitt 33,5 i 2018, 1248, snitt 41,6 i 2017, 977, snitt 51,4 i 2016, 842 33,7 i snitt i 2015, 949)

**Utmeldingar: 0 i 2025** (2 i 2024, 0 i 2023, 0 i 2022, 4 i 2021, 2 i 2020, 6 i 2019 (0 i 2018, 16 i 2017, 29 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

**Innmeldingar: 0 i 2025** (0 i 2024, 4 i 2023, 1 i 2022, 0 i 2021, 0 i 2020, 1 i 2019, 1 i 2018)

# Meir himmel på jorda



STØRST AV ALT

## Kyrkjeleg undervisning og læring

**0-1 år** Dåpssamtalar, dåp og babysong

**1-3 år** Samling i kyrkja for å lære kveldsbøner, med utdeling av materiell, og invitasjon til gudsteneste. I Hesby sokn er det samling for to-og treåringane.

**4 år:** 4 års bok – Samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste der dei får utdelt ein barnebibel.

**5 år:** Utdeling av aktivitetsbok på ei samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste. I lag med fire-åringane. I Talgje og Sjernarøy sokn har me ei felles samling for 1–5 år.

**6 år:** 1. klasse på Finnøy blir invitert til hausttakkefest og får ei bok. Dei får også skulebesøk. På dei andre øyane blir 6- 9 år (1-4 kl.) invitert i lag og får ulike bøker kvart år i hausttakkefesten i kyrkja. Dei får også felles skulebesøk.

**7 år:** Invitasjon til Påskevandring på Finnøy Dette er eit samarbeid med Sundagsskulen på Finnøy.

**8 år:** Tårnagentsamling. Borna får lære om kyrkja, misjon og Bibelen på ein spanande måte.

**9 år:** Pinsevandring på Halsnøy, Samling som varer i tre timar, der dei får lære pinsehistoria i ord og handling. Avslutta med grillfest.

**10 år:** Utdeling av Det nye testamentet. Skulebesøk og innbyding til Bibeldagen i kyrkja. Bibelsporet eit skule – og kyrkjesarbeid.

**11 år:** Lys vaken. Eit døgn der me blir lys vakne for den verdsvide kyrkja og dei rundt oss. Førebuing til og aktiv deltaking i gudsteneste. Arrangert i Fogn kyrkje.

**12 år:** Rotur frå Talgje til Sjernarøy med overnatting på Emmaus. Roturen har som tema å lære om liturgien i kyrkja. Samarbeid med Færingssongarane.

10 – 12 år: ABC treff etter skuletid på kyrkjekontoret for Finnøy skule.

**13 år – 18 år:** Open Hall Ca 16 fredagskveldar i løpet av året med fokus på samvær, ballaktivitet og andakt.

**14 -15 år** Konfirmasjon. Meir om Konfirmasjon neste side.

**15 år** Heimegruppe for 10. kl. – samlingar i heimen gjennom hausten.







# Meir himmel på jorda

## Konfirmasjon

I 2025 var det 30 konfirmantar i sokna våre. Prestane Terje Engstrøm og Ola Aasland Vold har hatt hovudansvaret for konfirmantopplegget i samarbeid med andre i staben og frivillige. Det er fleire frivillige som har heimegruppene. Tusen takk for at de opnar heimane til dette. I august reiste 10 av konfirmantane i lag med Reidun og frivillige til Jærgårds på Klepp. Det har vore weekend på Utsyn. Den årlege fasteaksjonen blei stort sett utført ved å gå frå dør til dør. Konfirmantane deltek på totalt 8 gudstenester, der konfirmantane ofte er med på konkrete oppgåver. Vi viser til Konfirmasjon i Finnøy på Facebook og heimesida for konfirmantane for meir informasjon [www.kyrkja.com](http://www.kyrkja.com) Konfirmantavgifta er kr 750,- inkludert weekend. Opplegget i konfirmanttida er i stor grad subsidiert av kyrkjelydsmidla.





# Diakoni *Meir himmel på jorda*

**Uteprat** Turgruppe i Teigen på Finnøy, søkt og fått folkehelsemidler som har gått til bevertning/tur og treningsstrikkar- tøy og bøy og styrke!

**Tilbod om samtalar** Heime, på kontoret eller ute på tur.

**Tilbod om sorgstøtte** Telefonsamtale og/eller besøk for etterlatte etter dødsfall.

**Tilbod om sorggrupper** Arrangert av diakonar i Stavanger, samarbeid med frivillige. Påmelding [www.sorggrupper.no](http://www.sorggrupper.no)

**Nabocafè** 10.klassingar, på kyrkjekontoret, vafler/frukt, saft og sosialt!



Nabocafè 10. klasse 2025



Vaflene går unna som «hakka møkk»



**Sy med oss/ta vare på i kyrkja** Fogn kyrkjekjellar, annakvar torsdag. Reparering og gjenbruk. Kyrkja støttar opp om bruktmknader og ryddeaksjonar i nærmiljøet. Dåpskjolar til gratis utlån.



Dåpskjolar i lin- gratis til utlån



Temakveld i høve Verdsdagen for psykisk helse 2025



**Verdsdagen for psykisk helse** markert med temakveld saman med Finnøy helselag og frivilligsentral, tema Psykisk beredskap. Formidling av fagkunnskap og levd liv- mat og prat.

# Diakoni *Meir himmel på jorda*

**Julegåveaksjon** og **Felles julefeiring** på innbyggjartorget er tradisjonar. Med 70 gjester registrerer vi at det er behov for felles feiring. Kyrkja arr. i samarbeid med Finnøy frivilligsentral, helselaget, Bygdakokken og frivillige, samt bidrag frå næringslivet. Folk frå alle øyane er invitert.



**Sommarfest** i inkluderingsarbeidet blei slått sammen med Gjestebud i nabolaget og feiring av **Stavanger 900 år**, dette i samarbeid med andre lag.

**Restaurering av kyrkjer** Talgje og Hesby kyrkje gjenopna etter restaurering. Vi feira stort, 900 og 1000 års historie og 200 år for Utvandringa blei markert.

Tomatfestivalen, formell opning

av Hesby kyrkje med mellom anna historisk spel og musikk, segltur med elevar til Domkyrkja i Stavanger var store arrangemet i 2025.



Opningsfest i Hesby kyrkje FFC, biskop, arbeidsfolk og soknet feirar saman



Tomatfestivalen -historieformidling



Elevar frå Ombo /Sjernerøy segla til Stavanger



Kyrkja på Talgje -kyrkjeskipet-




# Diakoni *Meir himmel på jorda*

**Språkcaféar** Nytt i 2025 var at kyrkja blei med Frivilligsentralen om å drive språkcafé på Finnøy. På biblioteket samlast ein gjeng annakvar torsdag for å prate norsk, snakke om eit tema og bli kjent med nye menneske i lokalsamfunnet. Ei ressursgruppe legg til rette og har ansvar for mat og program. Språkcaféen på Fogn, som også hadde samlingar annakvar veke, tok pause i haust. Ved behov kan denne startast opp igjen, også her er frivillige med og har ansvar for gjennomføring.

**Open hall** Ein av aktivitetane som har lang fartstid og fungerer godt. Vi har om lag 120 medlemmer i Open hall, det er svært god oppslutnad. Målgruppa er ungdomar frå 8. klasse og oppover. Gledeleg er det at ressursgruppa av frivillige fungerer godt og at dei tar hovudansvar saman med foreldre og natteravner! Godt samarbeid også med Finnøy skule, fleirbrukshallen og foreldre. Frivillige i sokna er med og har andaktar etter tur, og bidrar også gjennom ofringar på gudstenester!

**Utfordringar** Kyrkja blei utfordra til å vere med å lage møteplass på caféen på Innbyggartorget. Som ei synleg folkekyrkje smurte vi rundtsykker, steikte vafler, trekte kaffi og tente lys i globen og fekk gode «pratar» med folk på torget.



## Øysamfunn

Gjennom gudstenester, kyrkjekaffi, konfirmantarbeid, heimegrupper, sorgstøtte, andakt/musikk, skodespel, i samarbeid med frivillige og lag, og i møte med folk og natur, ønskjer Kyrkja i Finnøy å vise Guds Kjærleik til alt det skapte.

Gje oss gjerne innspel slik at vi saman kan utføre vårt oppdrag!



# *Meir himmel på jorda*

## **Misjonsprosjekt i sokna våre:**

### **Hesby sokn:**

Kjellfrid Eggebø frå Finnøy, har arbeidd for ILCT (Iraqw Language and Culture Trust) og vore fleire gonger i Tanzania. Iraqw-folket og språket deira har ikkje hatt gode kår i Tanzania. Men takka vere den entusiastiske og sjølvoppofrande innsatsen til Frøydis Nordbustad frå Tysnes, fekk dei i 2004 Bibelen på sitt eige språk. Dette er verkeleg eit stort løft for dette folket og identiteten deira. I 2005 blei ILCT stifta. Dei har leseopplæring for Iraqw-folket som hovudoppgåve. Kjellfrid har vore med på språkoplæring. Dei flinkaste elevane blir lærte opp så dei sjølv kan vere lærarar.

ILCT driv ikkje med bibelundervisning eller kyrkjelydsarbeid direkte, men dei samarbeider med dei kristne kyrkjene i den delen av landet der Iraqw-folket bur.

I 2025 har kyrkjelyden samla inn kr 47 254,- Dette er ein auke frå i fjor.

Frå og med 1.jan. 2026 blir det nytt misjonsprosjekt gjennom Normisjon – Liv og helse i Nepal.



# Meir himmel på jorda

## Sjernarøy sokn:

Støttar Misjonssekskapet sitt arbeid på Madagaskar, til utdanning av lokale evangelistar. Det vart samla inn kr 8298,- til Misjonsprosjektet, dette er ein auke frå i fjor.

## Talgje sokn:

Misjonsprosjektet er Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador. Hovudsakleg er arbeidet knytt til hamnebyen Guayaquil. Her bur det ca 500 000 menneske. «Arbeidet vårt i lokalsamfunnene fokuserer på familierelasjoner, fritidsaktiviteter, og verdier, helsearbeid, inkluderende utdanning, forebedring av familieøkonomi, klima og miljø, rettighetsarbeid og menighetsarbeid» (henta frå misjonsalliansen.no) Soknet har eit mål om å samle inn kr 50 000,- pr år. I 2025 klarte me kr 53576,-som er ein liten auke frå i fjor. Kr 12030,- av desse pengane er frå basarkveld i Fogn kyrkje. Det andre er innsamla ved takkoffer i gudstenestene.

## Sokneråd 2023-2027

### Hesby sokneråd

Faste medlemmer:

1. Tor Øyvind Skeiseid
2. Heidi Kristin Urtegård
3. Solfrid Sevheim Haga
4. Dorrit Vignes
5. Brit Leikvoll Børresen Idsøe
6. Odd Birger Bleie

Varamedlemmer:

1. Ina Oline Halleland
2. Kristoffer Vatnaland Flesjå fritak ut perioden.
3. Olav Reilstad
4. Arne Nordbø
5. Anna Lauvsnes

### Sjernarøy sokneråd

Faste medlemmer:

1. Kari Hidle
2. Håkon Arne Eide
3. Sissel Haavik Vadla
4. Ragnhild Frøyland
5. Else Norheim
6. Benny Tysdal Helgeland

Varamedlemmer:

1. Grete Hiim
2. Beate Hauge Østlund
3. Anne Skogen

### Talgje sokneråd

Faste medlemmer:

1. Eilef Johan Gard
2. Terje Kjølvik
3. Ingrid Eiane Setvik
4. Beate Steinsvik Jansen
5. Ottar Sandanger
6. Anita Fjukmoen
7. Margunn Madsen Hovda
8. Merete Meling Kindingstad

Varamedlemmer:

1. Jon Fredrik Hartvedt
2. Else Jorunn Løland
3. Sofie Bjerga Roth
4. Jon Olav Runestad
5. Aslaug Søyland Lorentzen